

Protokoll

Møtenummer : 6/2014-2016

Dato : 2.mars 2015
 Klokka : 17.00-20.30
 Stad : Idrettens Hus, Førde
 DM : 732639

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly		X		
Isane, Aud Kari	X			
1.vara Heien, Ingrid	X			
2.vara Grimseth, Stian			X	
Leversund, Anne, organisasjonssjef	X			
Narum, Ingrid, plan- og utviklingsleiar	X			
Breilid, Ingar, fagkonsulent	X			
Benjaminsen, Erling, økonomikonsulent	X			

Møteplan - neste styremøte:

Måndag 2 .mars
 Fredag 10.april.
 Måndag 11.mai (idrettsting 5-7 juni)
 Måndag 15.juni

Representasjon:

Opning Hafstadparken , Førde	23.01.2015	Nils R Sandal
Hovudutvalet for kultur		
Sogn og Fjordane fylkeskommune	10.02.2015	Nils R Sandal/Anne
Årsmøte Sogndal idrettsråd	24.02.2015	Arve Heimdal
Sogn og Fjordane ryttarkrins. Ting	01.03.2015	Arve Heimdal
Sogn og Fjordane skyttarkrins . Ting	01.03.2015	Arve Heimdal

Nytt frå administrasjonen- Orienteringssaker

- Oppdatert aktivitetsplan. Sjå vedlegg **DM- 723160**
- Gjennomgang representasjonsoppgåver **DM- 726490**
- YOG 2016
- Antidoping. Oppfølging rein utøvar

Sak 26 Høring på utkast til idrettspolitisk dokument 2015-2019

Vedtak: Idrettskrinsstyret godkjenner høringsuttalen.

Bakgrunn: Idrettsstyret handsama utkast til nytt idrettspolitisk dokument 2015-2019 22.januar.15
Høringsutkastet er ute på høring med svarfrist 9.mars 2015.
Høringsutkastet er sendt på mail til styret med frist for tilbakemelding 16.02.2015
Det er og innhenta uttale frå HiSF. **DM- 730637**

Sak 27 Idrettssenteret AS.

Vedtak: Idrettskrinsstyret har drøfta saka. Styreleiar får fullmakt til å gå i forhandlingar med Sogndal Fotball.

Bakgrunn: I styremøte 3/2014-2016 vart det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle sjå på Sogn og Fjordane idrettskrins sitt eigarskap i Idrettssenteret AS. Det har vore avvikla fleire arbeidsmøter, telefonmøter både internt og med den andre eigaren, Sogndal fotball, samt med samarbeidspartnar HiSF. Saka har vore diskutert i styret ved fleire høve. Styret må diskutere og konkludere på kva rolle Idrettskrinsen skal ha i Idrettssenteret AS i framtida.

Sak 28 «Framtidas idrett i Sogn og Fjordane.»

Vedtak: Idrettskrinsstyret vedtek å sette i gang arbeidet med prosjektet «framtidas idrett i Sogn og Fjordane .

Bakgrunn : I styremøte 3/2014-2016 vart det nedsett ei arbeidsgruppe. Gruppa har hatt fleire møter og har innhenta innspel frå HiSF. Mandatet var å jobbe fram ein prosjektplan innan 31.12.2014.
Utkastet til prosjekt var diskutert i styret i styremøtet 19.januar og på bakgrunn av diskusjonen der er det utarbeida ein revidert prosjektplan. Denne prosjektplanen har i etterkant vore drøfta med HiSF v/Rasmus Stokke og Kari Aaberge. **DM-724977**

Sak 29 Oppløysing av idrettslag

Vedtak: Idrettskretsstyret viser til NIF si lov § 2 – 3 (3) som heimel for handsaming av saka. Med grunnlag i nemnde vert desse 3 idrettslaga oppløyste:
Stryn Golfklubb, Bremanger Futsalklubb, Ingolfur Islandshestlag

Bakgrunn: Knytt til medlemsundersøkinga 2014 i regi av Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF), vart Stryn Golfklubb, Bremanger Futsalklubb og Ingolfur Islandshestlag teke under administrasjon av Sogn og Fjordane Idrettskrins etter ønskje frå nemnde idrettslag.
Oppløysingsprosessen er gjennomført i samsvar med NIF si lov på området.


Anne Leversund
Org.sjef